



Notat

Til: Bergen kommune v/ Audun Pedersen, Vik kommune v/ Erli Renate Moheim, Radøy kommune v/ Kari Færøy og Grete Herøy

Saksbehandler: Radøy interkommunale busenter/Vibeke Angelskår Erstad
Vår referanse: 18/2254 - 1 /
Dato: 19.09.2018

Emne: Referat, dialogmøte Bergen, Vik og Radøy

Saksliste:

- Status Radøy interkommunale busenter (RIB) pr. no: Stabile brukarar og tilsette. Gulen kommune og Askøy kommune kjøper fortsatt ein plass kvar, pris er justert til kr 1 540 00 kr/år.
Lågt sjukefråvær v/ RIB.
Radøy kommune skal frå 1.1.2020 gå saman med Lindås og Meland kommune, og bli Alver kommune. Vibeke skal frå 1.1.2020 gå over i stillinga som tenesteleiar for psykisk helse og rus i Alver kommune. Signal frå administrasjonen: RIB blir direkte overført til Alver, tilsette får arbeidsavtalar og arbeidsstad som i dag.
- Budsjett: RIB driv innan gitte rammer. Ved store endringar vil Vik og Bergen får informasjon tidlig. Har vore behov for ekstrapersonell til 1 bebuarar. Eigar kommunen (Radøy) tek ekstra kostnaden. Leiar RIB sender oversyn av budsjett i slutten av året til Vik og Bergen.
- Bemanning: Stabilt personale. 3 personale pr. vakt i miljøet (2 stk medlevar + 1 stk langvakt-12 t). Kun tilsette med høgskule, eller fagbrev.
- Brukarundersøking: det er ikkje gjennomført brukarundersøking ved RIB. Audun sender forslag til undesøkelse til Vibeke. Ser på om den kan brukas ved RIB.
- Aktiviteter ved RIB: Har eigen bil til disposisjon, moglegheit for bruk av symjebasseng, turar i nærområdet, haustfest, felles måltider, bebuarar deltek på tillaging av måltider m.m.
- Tilsynslege informerer: Har 10 % stilling v/ RIB, halv dag kvar tysdag. Tett samarbeid med spesialisthelsetenesta. Tilsynslege, psykiater frå poliklinikk og leiar har 2 gonger årleg gjennomgang av bebuarane og medikamentbruk. Lavt forbruk av evt. medikament v/ RIB. Lav forekomst av innleggelsar i spesialisthelsetenesta.

- 10 år som RIB 1. oktober: blir markert på huset.
- IPLOS blir sendt til Vik og Bergen ila november/ desember.

Referent:

Vibeke Angelskår Erstad